

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand skule (kjøkenet), 2. juli 2012, kl 18.00 – 21.00.

Til stades:

Frå bygdelaget: Sidsel Haugen, Gerd Ingeborg Haugen, Sigmund Eiken, Einar Ystevik, Kaia Gulbrandsen, Ole-Gisle Vassel.

Frå barnehagestyret: Ingrid Stranden Haavik, Birthe Torgersen, Kjellaug Hoås Samland.

I samband med avslag på søknad om dispensasjon frå utdanningskravet for personalet i barnehagen hadde leiar i bygdelaget kalla inn til ekstraordinært styremøte i bygdelaget, styret i barnehagen var også innkalla.

Sak for møtet:

1. Kommunalt vedtak om stenging av Herand barnehage.
Kommunalt vedtak om avslag på søknad om dispensasjon frå krav om dispensasjon for styrar.

Leiar i bygdelaget og leiar i barnehagestyret orienterte om dei kommunale vedtaka:

- Med bakgrunn i manglande pedagogisk kompetanse har kommunen vedteke å stenga Herand barnehage.
- Kommunen gjev ikkje dispensasjon frå utdanningskravet til styrar i Herand barnehage.

Styret vedtok å klage dei kommunale vedtaka inn for Fylkesmannen, samstundes sender styreleiar søknad til kommunen om løyve til å oppretthalde barnehagedrifta og motta det offentlege driftstilskotet fram til klagen er handsama av Fylkesmannen og utfallet er klart. Leiar i barnehagestyret tar kontakt med Private Barnehagers Landsforbund (PBL) for hjelp og råd i samband med utforming av klagen til Fylkesmannen.

Ole-Gisle Vassel/skrivar.